

Det vert på mandag og tysdag i neste vike skipa til tre konsertar på Halsnøytunet, Husnestunet og Rosendalstunet.

Aktørane er Jon Faukstad på trekkspeil/akkordeon og Per Sæmund Bjørkum på fiolin, begge musikarar i toppklasse.

Faukstad, frå Heidal i Gudbrandsdalen, er professor på musikkhøgskulen i Oslo og Bjørkum er fiolinist i Oslo filharmoniske orkester. Også Bjørkum har røter i Gudbrandsdalen. Det er grunn til å venta konsertar av høg kvalitet.

Dei er kjende for glimrande samspele og ekte speleglede og er like dyktige innan folkemusikk som i den klassiske tradisjonen. Dei har hatt eit tett samarbeid dei siste åra og det har resultert i TV-program, plater og turnear i både inn- og utland.

Samspelet millom dei starta allereie i 1992 då dei fekk i oppgave å levandegjera ei notesamling etter meisterspelemannen Torgeir Olstad frå Sel i Gudbrandsdalen. Tidlegare hadde Faukstad samarbeidd tett med ein annan meister på fela - Hans W. Brimi frå Lom. Dei hadde millom anna to lange konsertreiser i USA.

Faukstad og Bjørkum har ved fleire høve vore i Kvinnherad, som oftast som gjester i Kvinnherad Trekkspelklubb.

Konsertane er ein del av Den kulturelle spaserstokken og er opne for alle interesserte.

Av Ola Matti Mathisen og Kristian Bringedal